

Kvinnherad Kulturskule

Læreplan for Rockeband

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigenidentitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule erforankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles». Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleveling og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015- 2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget.

Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: breiddaprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder:

Frå 11 år.

4. Instrument/utstyr

Elevane må sjølv ha eige instrument og nødvendig utstyr for å kunne øve heime og oppstre saman med rockebandet. Elevar som spelar el-gitar eller el-bass trenger følgjande: El-gitar eller el-bass, capo, forsterkar, kablar og plekter.

Elevar som spelar trommer trenger følgjande: Eit trommesett og trommestikker.

5. Organisering av undervisninga

Undervisninga er organisert som 60 minutters band-øving ein gong i veka. Undervisninga kan bli lagt til Ungdomsskule i Rosendal og kulturskulesenteret på Husnes.

Elevane bør ha nødvendige musikalske forkunnskaper for å kunne søke om plass i rockeband i kulturskulen.

Når instrumental-elevar utviklar ferdighetane sine på ein-til-ein undervisninga i kulturskulen, og etter kvart har nivået dei treng for å kunne spele i rockeband, vil instrumentallæraren oppmode dei til å søke plass i band.

Elevar som ikkje går på ein-til-ein undervisning i kulturskulen kan også søke om plass i rockeband. Instrumentallærar i kulturskulen vil i så fall vurdere om eleven har dei nødvendige ferdigheta for å kunne spele i bandet.

6. Konsertar og samspel

Det er heilt nødvendig at elevar som søker om plass i rockeband i kulturskulen også er villige til å oppstre på konsertar saman med bandet. Minst ein gong i året vil det vere ein egen rockekonsert der alle rockebanda i kulturskulen opptrer.

Me har også faste konsertar både før jule- og sommarferien på kulturskulen. I tillegg er det gode moglegheiter til å sette opp konsertar og spele på ulike arrangement i Kvinnherad og i nabokommunane i løpet av året.

7. Eigenøving

Det er svært viktig at elevane etablerer faste og gode øvingsrutinar heime, slik at dei har et godt spelenivå når dei spelar saman med bandet. Lærar vil oppmode elevane om ei viss mengde øving heime kvar veke før bandtimane.

Øving heime er nøkkelen for å oppnå ferdighetane som trengs for å kunne spele i band, og det er difor viktig at elevar og foreldre har forståing for dette. Foreldre har her ei viktig og avgjerande rolle for å oppmuntre og legge til rette for et godt øvingsmiljø heime.

8. Evaluering

Me har to elevvurderingar kvart skuleår, der me inviterer foreldre og elevar til samtale om timane og den musikalske opplevinga i kulturskulen. Me tar også i mot jamlege tilbakemeldingar underveis dersom det skulle vere noko ein ynskjer å ta opp.

9. Mål for undervisninga

Utviklinga på timane går frå enkle songar og til gradvis meir komplekse songar, etter kvart som elevane i bandet utviklar ferdighetane sine.

Elevane vil lære musikk frå fleire ulike stilarter, og vil lære songar både frå klassikere som The Beatles og Deep Purple, og frå meir moderne band.

Komposisjon av originale idear som ein utforskar saman med bandet, vil også bli vektlagt og oppmuntra til på øvingane.

Følgjande tema er sentrale for øvingane:

- Å lytte på og til kvarandre
- Respekt og samarbeid med dei andre bandmedlemmene
- Tilpassing til grooven i bandet
- Forståing av balanse og volum mellom instrumenta
- Analyse og verdsetting av ulike artistar og stilar
- Forståing av forskjellen mellom rytme og solo, samt mellom harmoni og melodi
- Viktigheta av terping og repetisjon for å kunne forbetra spesifikke musikalske passasjar
- Tempo og dynamikk
- Komposisjon
- Opptak (video og audio)
- Kunnskap om kva ein skal gjere og korleis ein skal oppføre seg i reelle situasjonar på lydsjekk, lydprøve og lydopptak
- Oppreten og konsertfraumføring

10. Fordumpingstilbuet

Kvinnherad kulturskule samarbeidar regionalt om fordjupningstilbod med Stord kulturskule som avgjer fagtilbuet, dets organisering og utforminga på grunnlag av Nasjonal rammeplan for kulturskulen.